

**Protokoll**  
**Regionrådet Nordhordland – fredag 25. januar 2019**

**Møte:** 1-2019  
**Tid:** Fredag 25. januar kl. 08:30 - 15:00  
**Stad:** TCM Mongstad

**Til stades:**

<b>Ordførar:</b>	Hallvard Oppedal, Stian Herøy, Jarle Skeidsvoll, Tom Kristian Thorsen, Jon Askeland, Øyvind Oddekalv, Astrid Aarhus Byrknes, Torill Torsvik Størkersen (for Karstein Totland)
<b>Rådmenn:</b>	Jarle Landås, Jo Bjarte Tømmerbakke, Svein Helge Hofslundsengen, Martin W. Kuliild, Nils Moldøen, Olav Mongstad
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit
<b>Andre:</b>	TCM: Bjørn-Erik Haugan, Jorunn Brigtsen, Krishan Totland (Sak 3/19 og elles vertskap) NAV Vestland: Anne Kverneland Bogsnes (sak 1-4/19:) Statens Vegvesen Region Vest: Kristian Bauge (sak 7/19) Equinor: Pål Eitrheim (sak 10/19) NONL: Baste Tveito (sak 10/19) Industriutvikling Vest: Børge Brundtland (sak 10/19)
<b>Forfall:</b>	Karstein Totland, Per Lerøy, Reidun Halland, Ingvild Hjelmtveit, Ørjan Raknes Forthun

Sak 1/19	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Både leiar og nestleiar i Regionrådet har forfall til møtet. Regionrådet valte Astrid Aarhus Byrknes til møteleiar. Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 2/19	<b>Godkjenning protokoll møte 6-2018</b> Møteprotokoll frå møte 6-2018 vart godkjent utan merknadar.
Sak 3/19	<b>Orientering og omvising TCM</b> Krishan Totland ønskte velkomen til TCM og gav litt administrativ informasjon. Bjørn-Erik Haugan hadde ei fin orienterting om anlegget og det som vert utført av ulike forskning og utviklingsarbeid ved anlegget. Deretter befaring ute på anlegget og dialog / spørsmål i møterommet.
Sak 4/19	<b>Invitasjon til regionalt utviklingsprosjekt saman med NAV Vestland.</b> Anne Kverneland Bogsnes inviterte kommunane til eit regionalt utviklingsprosjekt saman med NAV Vestland der ein saman skal utvikla framtidens velferdsteneste.  Målet med prosjektet er å sikra stabile og gode fagmiljø i regionane slik at brukarane kan få tilgang til heilskaplege og kvalitativt gode tenester. Regionane skal løysa fleire oppgåver og med betre kvalitet. Ein ynskjer å etablera ein regional tenestestruktur på vedtekne område, ny giv for kompetanseutvikling og avdekka behovet til lokale og regionale verksemder og næringar.  Deretter spørsmål og innspel frå Regionrådet.

	<p>Regionrådet er positiv til invitasjonen, men ser det naturleg at det er rådmannsutvalet som tar saka vidare. Anne Kverneland Bogsnes sender utkast til mandat til Rune Heradstveit som bringer det vidare til Rådmannsutvalet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet er positiv til NAV-direktøren sin invitasjon til kommunane om eit regionalt utviklingsprosjekt saman med NAV Vestland der ein saman skal utvikla framtidens velferdsteneste. Regionrådet ber Rådmannsutvalet fylgja opp saka.</p>
Sak 5/19	<p><b>Skjønsmidlar 2019 (vedlegg)</b> Rune Heradstveit viste til skriv frå fylkesmannen datert 19. 11.2018 og frå NUI 18.01.2019 til kommunane om prosess kring søknadar om prosjektskjøn / skjønsmidlar 2019.</p> <p>Fylkesmannen har sett av 27,6 mill. til prosjektskjøn og generell fordeling. Regionråda har ei koordinerande rolle, skal vurdere søknadane og senda skriv til Fylkesmannen med prioritering mellom søknadane. Fylkesmannen vil i hovudsak prioritera å støtta samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar.</p> <p>Søknadsfristen frå kommunane til fylkesmannen er fredag 1. mars. Regionråda er bedt om å senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom prosjekta innan den same fristen. Regionråda blir også bedt om å gi ei grunngjeving for prioriteringa mellom søknadene. For at Regionrådet i Nordhordland skal kunne prioritera og grunngje denne, må kommunane senda ein kopi av søknaden, eller dersom søknaden ikkje er endeleg ferdig, ei prosjektskisse av prosjektet til <a href="mailto:post@nordhordland.net">post@nordhordland.net</a> seinast fredag 15. februar.</p> <p>Sidan det ikkje er Regionråd før 22. mars, vil NUI senda ut eit forslag til prioritering av søknadane på e-post til Regionrådet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 6/19	<p><b>Utviding av IKT Nordhordland</b> Kommunestyra i dei deltakingande kommunane i IKT Nordhordland (IKTNH) gjorde i mai/juni 2018 vedtak om at arbeidet med å utvida IKT Nordhordland bør starta så raskt som mogleg.</p> <p>Utgreiingsarbeid (rapport Hovudprosjekt Utviding IKTNH) er no gjennomført og konklusjonen er at IKTNH bør utvidast med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger. Austevoll er i dag drifta av IKT Nordhordland og det vil berre vera mindre justeringar når dei vert tatt inn som ordinært medlem. Dei to andre kommunane har ein struktur og storleik som gjer at dei lett kan takast inn i IKTNH si drift.</p> <p>Ei utviding vil medføra betre utnytting av kapasitet og kompetanse i IKTNH. Dette vil frigjera ressursar som kan styrkja naudsynt satsing på digitalisering og innovasjon for å møte framtidige behov og krav på ein god måte.</p> <p>Ei utviding av IKTNH vil stilla større krav til eintydig styringsstruktur. Det vert derfor tilrådd at IKTNH vert eit eige rettssubjekt. Det betyr følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Osterøy kommune vert ikkje lenger kontorkommune</li> <li>▪ Dei tilsette vert overført frå Osterøy kommune med alle rettar til IKTNH</li> <li>▪ IKTNH kan vera ein avtalepart og inngå avtaler</li> <li>▪ IKTNH kan ta opp lån. Ein foreslår at vedtektene gir ei øvre ramme på 10 mill. kr og at representantskapet skal godkjenne låneopptak</li> </ul> <p>Den konkrete utvidinga og at IKTNH vert eit eige rettssubjekt er støtta av rådmannsutvalet i møte 14. januar 2019 i sak 3/19.</p>

	<p><b>Vedtektene</b></p> <p>Ved ei utviding av IKTNH må vedtektene endrast. Det at IKTNH skal bli eit eige rettssubjekt må også inn i vedtektene. Stortinget har vedteke ny kommunelov, men ikkje alle §§ har tatt til å gjelde. Det gjeld § 19 kommunalt oppgåvefelleskap som erstattar § 27 i gamal kommunelov. § 19 går noko lenger i kva ei vedtekt må innehalde. I forslaget til vedtekter for IKT Nordhordland er det det teke omsyn til det. Då denne vil bli handsama før § 19 i ny kommunelov er sett i verk, vil vedtektene bli handsama med heimel i § 27 i gammal kommunelov. Etter at § 19 i ny kommunelov har tatt til å gjelde er det 4 års overgangstid for kommunestyra til å handsama vedtektene på nytt. Det er derfor ingen grunn til å vente med handsaminga.</p> <p>Dei viktigaste endringane i vedtektene er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Utviding av IKTNH med tre kommunar – endring i eigardelane</li> <li>▪ IKTNH vert eit eige rettssubjekt</li> <li>▪ IKTNH kan ta opp lån</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Regionrådet støttar forslaget om at IKTNH vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger og at IKTNH vert eit eige rettssubjekt.</li> <li>▪ Regionrådet ber NUI laga ei felles sak til kommunestyra om utviding av IKTNH og forslag til nye vedtekter.</li> <li>▪ Regionrådet ber NUI om å vidareføra prosessen inntil det er gjort vedtak i alle kommunestyra og dei formelle fora er etablert i styringsmodellen.</li> </ul>
Sak 7/19	<p><b>Betaling nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken</b> (vedlegg)</p> <p>Kristian Bauge, Statens Vegvesen informerte om betalingsordning for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Kontaktutvalet har bede om at det vert sendt sak til lokalpolitisk handsaming, og at Regionrådet får informasjon før saka vert sendt til kommunane.</p> <p>Fritak for nullutsleppskøyretøy vart avvikla gjennom handsaming av Prop. 87 S (2017-2018). I nye prosjekt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Takstgruppe 1: inntil 50 pst. av takst etter rabatt</li> <li>▪ Takstgruppe 2: 0 pst. av takst</li> <li>▪ (Føresett at ein ikkje har lokale vedtak om anna)</li> </ul> <p>I eksisterande prosjekt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Avgift for nullutsleppskøyretøy kan innførast om det er lokal tilslutnad til det.</li> <li>▪ Taksten kan vere inntil 50 pst. etter rabatt.</li> </ul> <p>Statens vegvesen har informert Ferde AS om endringar i takstretningslinjene. Ferde AS har bede om at det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i prosjekt og pakkar der det er lokalpolitisk tilslutnad til det.</p> <p>Fylkesutvalet i Hordaland fatta følgjande vedtak 25.10.18: Fylkesutvalet legg til grunn at alle bompengeprojekt og -pakkar i Hordaland skal ha 50 % bompengar for nullutsleppskøyretøy. Statens vegvesen vil senda saker til lokalpolitisk handsaming i alle kommunar som har bompengeprojekt.</p> <p>Statens vegvesen tilrår at det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 i Nordhordlandspakken i tråd med endringa i takstretningslinjene og lokalt vedtak i fylkesutvalet. Bompengesats er kr 19, og kr 7,60 for nullutslepp (etter 10 % rabatt).</p> <p>Statens vegvesen tilrår kommunane i Nordhordlandspakken å fatte følgjande vedtak, i tråd med Prop. 87 S (2017-2018), og vedtaket frå Hordaland fylkeskommune: <i>Det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.</i></p>

	<p>Det er ønske om handsaming før sommaren slik at endringa kan innførast ved innkrevjingsstart.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande, og ber Statens vegvesen laga felles sak med lik ordlyd til kommunane.</p>
Sak 8/19	<p><b>Invitasjon til diverse erfaringskonferansar og liknande i samband med Vestland fylke</b> Ulike invitasjonar til erfaringsmøte / -konferansar i samband med etablering av nye Vestland fylke vart diskutert, bl.a. møtet i Vidsyn 7. februar og i Førde 15. februar. Alle treng ikkje møta på desse. NUI saman med ordførarar førebur evt. innlegg.</p>
Sak 9/19	<p><b>Faste orienteringssaker:</b></p> <p><b>Status Region Nordhordland Helsehus</b> Rune Heradstveit informerte kort om status for arbeidet. Arbeid med sprenging og utkøyning av massar pågår for fullt. Det har vore møte med alle leigetakarar for å kvalitetssikra bestillingane. Arbeidet med boring av varmebrønnar startar måndag 4. februar. Det skal borast ca 25 brønnar 250 meter ned i grunnen. Støypearbeid er planlagt starta 25. februar.</p> <p><b>Kontaktutvalet Nordhordlandspakken</b> Øyvind Oddekalv informerte om arbeidet i kontaktutvalet i Nordhordlandspakken og pågåande arbeid.</p> <p><b>Status frå utvala</b> Det har ikkje vore møte i utvala sidan førre møte i Regionrådet. Jarle Skeidsvoll informerte kort om status for biosfæreprosjektet /-søknaden, og behov for tenkja nytt når det gjeld framtidig finansiering.</p> <p><b>Gjensidig informasjon frå Alverkommunane og Randkommunane</b> Kort informasjon om status med Alverprosessen og frå arbeidet som pågår i randkommunane der ein ser på samarbeid innanfor administrative oppgåver.</p>
Sak 10/19	<p><b>Presentasjon Equinor og nye energiløysingar (vedlegg)</b> Pål Eitrheim, Executive Vice President for New Energy Solutions i Equinor ASA hadde ein flott presentasjon om Equinor og arbeidet med å finna nye energiløysingar. Presentasjon vedlagt.</p> <p>Han viste til visjonen til Equinor om å forma energiframtida ved alltid å vera konkurransedyktig, at dei skal transformere olje- og gassindustrien og at dei skal levera energi for ei lågkarbonframtid. Han dunderstreka at dette er ein viktig men og vanskeleg jobb, og at å vera nesten god nok, ikkje er godt nok. Det er og stor vilje i selskapet til å satsa pengar på nye prosjekt dersom ein finn gode prosjekt.</p> <p>Deretter god og nyttig dialog.</p>
Sak 11/19	<p><b>Meldingar og eventuelt</b></p> <p><b>Politi og Kjell Idar Vangberg</b> Vedr avtalane som er sendt til kommunane til underskriving. Enighet om at kvar enkelt kommune gjer slik det er best.</p> <p><b>Biosfære, markering 4. februar</b> Det vert ei markering hos NUI 4. februar kl. 11:30 for ordførarar og UIB av at søknaden er sendt frå Regjeringa til Unesco.</p>

	<p><b>Erfaringar toppleiar møte Oseana</b></p> <p>Toppleiarmøte for kommunane som høyrer til Helse Bergen HF sitt opptaksområde var 10. januar. Regionrådet er bedt om å koma med tilbakemelding på programmet / arrangement og har desse tilbakemeldingane som ein ber NUI bringa vidare:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Altfor lite tid til dialog og innspel frå kommunane</li> <li>▪ Ikkje så tett program –meir tid til «mingling»</li> <li>▪ Toppleiarmøtet er ikkje meint til å vera eit forum der ein går djupt inn i det faglege, derfor bør lista hevast</li> <li>▪ Korleis utøva DIALOG og SAMHANDLING i tidleg fase bør vera tema neste år</li> </ul>
	<p><b>Nordhordlandsting</b></p> <p>Det vart bestemt å avhalda Nordhordlandsting onsdag 13. mars. Politimeistaren vert inviterast til tinget så slepp han å møta i ni ulike formannskap / kommunestyre. Lensmannen må også inviterast. Ein vil også invitere fylkesordførar og prosjektleiar for nye Vestland fylke til tinget.</p>
	<p><b>Næringskonferanse 4. september.</b></p> <p>Rune Heradstveit minna om at Næringskonferansen på Mongstad går av stabelen onsdag 4. september. Viktig at det ikkje vert planlagt med formannskap / kommunestyre denne dagen.</p>

Knarvik, 11. februar 2019

*Astrid Aarhus Byrknes*

Astrid Aarhus Byrknes  
Medlem / møteleiar  
Regionrådet Nordhordland

*Rune Heradstveit*

Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingselskap IKS

Vedlegg:

Sak 5/19 Presentasjon «Skjønsmidlar 2019»  
Sak 7/19 Presentasjon «Bortfall av fritak for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken»  
Sak 10/19 Presentasjon «Equinor og nye energiløsningar»